



Forsand kommune

INFORMASJON FRÅ LANDBRUKSKONTORET JANUAR 2010

PRODUKSJONSTILSKOT

Nå har du sikkert fått levert søknad om produksjonstilskot med frist den 20.januar? Denne gang er det advisert at det blir skjerpa krav om bl.a. maks alder for tilskot til kostnad for avløyysar. Det er ikkje lov til å få tilskot for avløyysar som er under 16 år.

Det er og veldig viktig å forstå at løns- og trekkoppgåve for personale skal vera registrert av skatteetaten seinast den 31.januar via ALTINN. Om ikkje? – søknad vill bli stoppa!

Frå statsmaktas sin sida er og varsla at det vill bli strengare kontroll av atterhald av gjødsselforskrifta i framtida. Det vill og bli meir kontroll av at føretak som har felles eigarinteresser og som søker tilskot til den same produksjonen, for eksempel sau. Dette inneberer for eksempel at mann og kona som har felles bupel ikkje kan ha 2 gardar i same grend og sau på kvar sin. Ta kontakt med landbrukskontoret om du er i tvil!

Produksjonstilskot som blei omsøkt i august 2009 vill bli utbetalt med start 10.02.2010.

ENDRA JORDLOV, KONSESJONSLOV OG ODELSLOV

Jordlov, konsesjonslov og odelslov blei endra frå 01.juli.2009. I dette skriv skal eg bare informera om konsekvens av endring i driveplikta for nye leigeavtaler.

Reglane om driveplikt er nå flytta til jordlova § 8. Etter dei nye reglane har alle som eig jordbruksjord driveplikt. Denne er ikkje tidsavgrensa. Det vil seie at alle som eig jordbruksjord har ei plikt å syte for at jorda blir driven, nå og så leng ein eig jorda.

Om ein ikkje vil driva jorda sjølv kan ein leige bort jorda som tilleggsjord til annan landbrukseigedom. Det er ein føresetnad for at driveplikta er oppfylt ved bortleige at leigeavtala er på minst 10 år om gongen utan høve for eigaren til å seie ho opp. Avtala må føre til driftsmessige gode løysingar og vere skriftleg. Mal til å bruka kan du få frå landbrukskontoret.

Ein del av dykk har allereie avtalar om leige av jord. Gamle avtalar gjeld for dei åra som er avtalt, men nye avtalar må vera i tråd med endra lovverk. Ved eigarskifte må avtalar fornyast slik at dei er fortsett gjeldande. Det er interesse for aktivt drivande gardsbruk som styrer denne endring.

Det er muleg å søkja om fritak frå driveplikta i spesielle tilfell. Leieavtala skal godkjennast av kommunen som og har mynde til å gi fritak.

MILJØANSVAR

I tillegg til gjødsselforskrifta som blei nemnt her ovanfor, er det ei skjerping på landbruket sit miljøansvar på fleira måtar i framtida. Vassdirektivet er eit eksempel som me skal ta opp seinare

Frå januar 2010 har me og ein rekke forandringar i diverse lovverk. Eg vill i detta samanhanget spesielt peika på at det frå desember 2009 er det gitt ansvar til kommunane overfor privatpersonar og verksemd som ikkje har løyve etter forurensingslova. Ulovlege avfallsplassar som villfyllingar og lagerplassar for avfall utgjer eit stort miljøproblem i form av utlekking av miljøgifter til jord og vassdrag.

Kommunen har ansvar for å sikre at forsøplingsforbodet vert overhalde og gje pålegg om fjerning og opprydding av avfallet. Kommunane kan nå reagere mot oppsamlingsplassar for brukte gjenstandar som til dømes brukte kjøretøy og landbruksavfall. Dette vill bli eit tema for landbrukskontoret sit lovpålagte tilsynsarbeid i tida framover.

I tilsynsplanen for 2009 har me fokusert på tidpunkt for gjødselspreiing og respekt for strandsonen i Espedalen og i tillegg søkt etter evt jordbruksmark i vanhevd. Eit gardsbruk er varsla om mistenkt brot mot gjødsselforskrifta og to bruk er varsla om at gardsbruket sin areal ikkje er tilstrekkelig godt vedlikehald (manglande beiting). For ei stor landbrukskommune som Forsand er dette eit godt resultat. Gratulerar til alle dei som tar miljøansvar og driver flotte gardsbruk!

MJØLK – SMØRING I BYGDESAMFUNNET!

Fyste runden med behovsavklaring er nå ferdig. Det er TINE sine rådgivarar som har vert engasjerte. I Forsand er det 20 bruk av totalt 65 som har storfe og er besøkte. Svarsanalysen er i gang og det me kan sjå at så langt er det ei stor variasjon i tankar om fortsett mjølkeproduksjon.

For denne delen av Ryfylke blir det Reidunn Ferstad i Norsk Landbruksrådgivning, Årdal som tar seg av å losa brukarane vidare. Det er tenkt at alle som vill ska få individuelle tilpassa losing vidare til rådgivar eller spesialist innafor driftsbygg, rekneskap/økonomi, mark og grøda, dyr, dyrevelferd eller juridik m.m. Til dette finst det og midlar satt av opp til kr 15.000 per brukar.

I tillegg er det budsjettert for studietur individuelt eller i fellesskap. Me håpar at dette prosjektet skal vera ei stimulanse som kan demme opp for vidare avvikling av mjølkeproduksjon på kort sikt og auka rekruttering og mjølkeproduksjon på lang sikt. Reidunn Ferstad har telefon nr 977 55 347.

BU-MIDLAR TIL JULETRESATSING?

Etterspurnaden for kvalitetstre aukar og næringa treng fleire produsentar. Det er nå muleg å få tilskot med BU-midlar opp til 30-50 % av godkjent kostnad. Landbrukskontoret kan assistera med søknad hjå Innovasjon Noreg.

Det er i første hand store satsingar på meir enn 200.000 kr som kan få tilskot og du må ha ei langsiktig produksjonsplan og investeringsbudsjett. Fagleg assistanse kan du få av Terje Pundsnes (www.pyntegrontringen.no) på telefon 905 32 501.

KURS OG MØTER

Januar

28 kl 9-17 Autorisasjonskurs for sprøyteførarar på Finnøy – kontakta landbrukskontoret for påmelding raskt!

Februar

02 kl 19.00 Oppstart for kurs i birøkt og pollinering

04 kl 19.30 Viltmøte – sjå separat tekst!

05-06 Motorsagskurs no 2 med Bondelaget – kontakt Gunleif Haukelid

08-09 Introduksjonskurs i opplevingsproduksjon – kontakta landbrukskontoret for rask påmelding!

15 kl 19.00 Landbruksmøte i Hjelmeland: Nils T Bjørke, leiar i Noregs Bondelag talar – ta kontakt med landbrukskontoret for ev skyss!

11 kl 19.30 **Bondecafé i Forsand kommune sin nye kommunestyresal**
Viktig tema: Jordvern med fleira gjestar + Servering og drøs!
Velkommen ønskar bondelagane og landbrukskontoret!

Mars

02 kl 09-17 Landbrukspolitisk konferanse i Haugesund:
- 7 spennande foredrag
- Debatt om ”spreidd busetnad i landbruksområde”
Ta kontakt med landbrukskontoret for ev sponsring av deltaking!

9 Villreinmøte i Hjelmeland.

11 kl 19.30 Norsk Landbruksrådgiving har fagmøte med tema som bl.a.:
- gjødsling og spreiemåtar
- frøsorter og såteknikk
- grønfôr og analysar m.m.
Plass: kommunestyresalen i Forsand. Kaffi og rundstykke.

27 Landbrukskontoret stenger for Påskaferie til den 05.april.

SKOG

Det er dypt med snø i skogen men likevel tid for å sjå på behov for skogplanting til våren! Det kan og vera aktuelt med ungsogspleie eller stamkvisting. Diverre er Oddvar Gyøse fortsatt sjukemeld, men det er likevel muleg å få til anna løysing med statstilskot. Du kan gjøra jobba sjølv eller me kan få til det heila med innleia arbeidskraft. Ta kontakt med Svein Kjetil Rønnevik på tlf. 97 17 42 78 om du trenger skogplant eller vill jobba med ungsogspleie m.m.!

VILTFORVALTNING

Frå rapporteringssesongen 2009 kan me rapportera at det bare er 2 jaktvald i Forsand som vill bli krevja 500 kr i avgift for manglande rapport. Trist at me blir nød til å senda faktura til dei, men veldig positivt at mange har klart å få levert rapporten sin! Takk!

Det er krav om modernisering av viltforvaltninga i kommunane i Noreg. I Forsand sliter me med pappersarbeid og manglande dialog med jegerar og valdansvarlege. Landbrukskontoret har nå søkt om midlar for å få utvikla betre rutinar. Men det er og ønskje om betre aktivitet frå dei som driver med jakt.

Viltnemnda ønskjar å få fornya dialog med målgruppe og difor blir det organisert møte:

Vilmøte i kommunestyresalen i Forsand torsdag den 04.febr kl 19.30.

- **Opning ved leiar i viltnemnda, Tor Reidar Berge**
- **Jordbrukssjefen presenterar fersk statistikk for 2009**
- **Ole Geir Åsland som jaktar på Jøseneset i Hjelmeland fortel om fordel med storvald.**
- **Skogbrukssjefen fortel om ”viltpolitiken” i Strand kommune.**
- **Diskusjon: Utbetra viltforvaltning i Forsand – kva gjer me?**
- **Det blir kaffi og enkel bevertning. Velkommen!**

På gjensyn ved eit eller fleire møtar i vinter!

Børje Svensson
Leiar landbruk og miljø
Tlf. 51 70 01 40 eller 47 46 54 78